



## MØTEBOK

### Forskrift om gebyr etter forureiningsforskrifta

Utval sak	Utval	Møtedato
63/23	Utval for plan og miljø	05.12.2023
80/24	Formannskapet	25.09.2024

#### Vedlegg:

- 1 forurensningsforskrift
- 2 Gebyrsatsar

#### Bakgrunn:

Kommunen er forureiningsmynde etter kap. 2, 12, 13, 15, og § 15A-4 i forureiningsforskrifta. Kommunen skal etter dette lovverket handsame søknadar og føre tilsyn med at lova vert etterfølgd.

Det er lagt føringar for at tenestene som kommunen utfører på avløp skal finansierast av sjølvkost, jf. lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forureiningsforskrifta. Vidare er det eit forankra prinsipp i forureiningslova at forureinar betaler.

Slik det er i dag kan kommunen berre delvis krevje gebyr for handsaming av søknad eller for utført tilsyn etter forureiningslova. For å kunne krevje gebyr for handsaming av søknadar om utslepp og for handsaming av tiltaksplan for arbeid i forureina grunn, må kommunen ha ei forskrift, jf. forureiningsforskrifta §§ 2-12 og 11-4. Dagens gjeldande gebyrforskrift nemner berre nokre av sakstypane etter forureiningsforskrifta, og dei som er omfatta, bør oppdaterast.

Kommunen er pålagt å utføre oppgåvene i kap. 2 og i kap. 12 – 15. Det går tydeleg fram av nasjonale føringar at alle utslepp av sanitært avløpsvatn skal vere i tråd med gjeldande krav innan 2027, seinast innan 2033. Ifølgje forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Stord og Fitjar kommunar, skal alle separate anlegg med utslepp til terreng eller ferskvatn ha ein reinseeffekt på 90% for fosfor og BOF. Berre i nedbørsfeltet til Storvatnet er det om lag 150 anlegg som ikkje tilfredsstillar krava i gjeldande forskrift.

#### Forankring i planar/mål:

Hovudmålet i Fitjar kommune sin kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020–2030 er at avløpsvatn skal handterast på ein slik måte at vassmiljøet i resipientane ikkje vert forringa. Ein resipient er vassdrag eller sjø som avløpet vert sleppt ut til. Under punkt 4.7 om mål for økonomi er det lagt opp til at dei kommunale avløpstenestene skal vera sjølvfinansierande, og skal dekkjast ved avløpsgebyr. Vidare er det eit mål for spreidd busetnad at det skal utarbeidast ein tiltaksplan for opprydding i spreidd avløp. Denne planen er under utarbeiding. Når tiltaksplanen er ferdig utarbeidd, er det trong for ressursar for å gjennomføre oppfølginga av denne.

#### Vurdering:

I samsvar med forureiningslova § 52a og forureiningsforskrifta §§ 2-12 og 11-4 kan forureiningsmynde gje forskrift om gebyr for handsaming av løyve etter denne lov eller forskrift i medhald av lova, og for tilsyn som kommunen gjennomfører for å sikre at lova eller vedtak i lova vert følgd.

Gebyra skal samla ikkje overstige forureiningsmynde sine kostnader ved sakshandsaminga eller tilsynsordninga. Kommunen skal gje løyve til utslepp, godkjenne tiltaksplanar og føre tilsyn med at føresegnene i og vedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 2, 12, 13, 15 og 15A vert følgd.

Som fylgje av arbeidet med ny gebyrforskrift for saker etter forureiningsforskrifta, har administrasjonen fjerna punktet om utsleppssaker frå gebyrforskrifta for plan-, byggje-, matrikkel-, seksjonerings- og landbrukssaker. Alle sakstypar som kan krevjast gebyr for etter forureiningsregelverket er no samla i denne gebyrforskrifta.

#### *Gebyr for sakshandsaming*

Gebyr for sakshandsaming skal betalast som eit eingongsgebyr i samband med handsaming av søknadar. Forskrifta gjeld gebyr for handsaming etter forureiningsforskrifta:

- Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid, kap. 2
- Utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustad, hytter og liknande, kap. 12 og 13
- Utslepp/påsepp av oljeholdig avløpsvatn, kap. 15
- Påsepp til offentleg avløpsnett, til dømes feittholdig avløpsvatn, kap. 15A

#### *Gebyr for tilsyn*

Kommunen er forureiningsmynde og fører tilsyn etter forureiningsforskrifta. Tilsynet skal mellom anna syte for at avløpsanlegg ikkje fører til forureining eller helseplagar. Vidare skal kommunen innan 2027, seinast innan 2033, sjå til at alle separate avløpsanlegg er i tråd med gjeldande forskrift.

Forskrifta gjeld gebyr for tilsyn med:

- Tilsyn av forureining i grunnen
- Tilsyn av separate avløpsanlegg
- Tilsyn av kommunale avløpsanlegg
- Tilsyn av oljeholdig og feittholdig påsepp

I samband med tilsyn og kontroll vil det takast gebyr etter utført tilsyn.

#### *Gebyrsatsane*

Gebyrsatsar for kvart einskild område inngår i gebyrregulativet og vedtakast årleg av kommunestyret. Sakshandsamingsgebyr skal også skal betalast ved avslag på søknad. Gebyrsatsen for handsaming av søknad om utsleppsløyve for separate avløpsanlegg vert bestemt av storleiken på anlegget.

Arbeid med handsaming og tilsyn etter forureiningsforskrifta må finansierast via gebyr, då dette er eit eige sjølvkostområde.

#### **Miljømål i vassforvaltning:**

I vassforvaltningsplanen for Vestland som vart godkjent av Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet i oktober 2022, står det tydeleg at kommunen *skal* kartlegge anlegg i kapittel 12 og 13, gjennomføre tilsyn og gje pålegg om utbetringar der anlegga ikkje reinsar i tråd med krava. Vidare står det «departementet forventar at kommunane framover setter av betydelege ressursar for å raskare gjennomføre nødvendige tiltak på avløpsområdet».

Når tiltaksplanen for opprydding i spreidd avløp er ferdigstilt står kommunen ovanfor ein stor jobb. For å få tilstrekkeleg med ressursar til dette arbeidet vil det vere naudsynt å innføre årsgebyr for tilsyn slik andre kommunar har gjort for å kome i gang med dette arbeidet.

#### **Informasjonsstrategi:**

Jf. forvaltningslova § 37 tredje ledd kan kommunen sjølv bestemme kor høyringa skal gjennomførast. I dette høve kor forskrifta i all hovudsak røra ved innbyggjarane er det mest vanleg å informere i lokalmedia og på kommunen si heimeside om at forskrifta er lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune vedtek å leggja ut forslag til forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter forureiningsforskrifta på høyring og offentleg ettersyn jf. forvaltningslova § 37. Høyringsfristen skal vera minst seks veker.

## **Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 05.12.2023**

### **Behandling:**

Utvalet drøfta saka.

Utvalsleiar Jo Kjetil Strand (FRP) la føre framlegg om å utsetje saka:  
Sak utsettes. Ny planstrategi for perioden skal vedtas og det er grunn til å tru at VA plan vert rullert på ny. Kan vere naturleg å sjå på forskrift om gebyr etter forureiningsforskrifta i samanheng med den.

Utvalet drøfta utsetjingsframlegget frå Strand (FRP).

Ved prøverøysting fekk utsetjingsframlegget 4 røyster mot 1 røyst (KRF).  
Ved røysting vart utsetjingsframlegget samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Sak utsettes. Ny planstrategi for perioden skal vedtas og det er grunn til å tru at VA plan vert rullert på ny. Kan vere naturleg å sjå på forskrift om gebyr etter forureiningsforskrifta i samanheng med den.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 25.09.2024**

### **Behandling:**

Formannskapet drøfta saka. Etatssjef Samfunnsutvikling og drift, Louise Pettersen svara på spørsmål frå formannskapet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Fitjar kommune vedtek å leggja ut forslag til forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter forureiningsforskrifta på høyring og offentleg ettersyn jf. forvaltningslova § 37. Høyringsfristen skal vera minst seks veker.

John Karsten Raunholm  
konst. kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.